



Roy Lervåg var sjølvstøtt svært nøgd med besøket sist torsdag.

**Etter at den første komlemiddagen på Oska sist torsdag vart ein gedigen suksess med stort fram møte av gjester og gode tilbakemeldingar, inviterer Roy Lervåg på komle-buffèet også i morgon, torsdag. Sist var besøket så stort at det vart tomt for komler tidlegare enn forventa. Derfor lovar Lervåg at han lagar betydeleg meir komler denne gongen.**

På buffèet finn ein pinnekjøtt, sundepølse, kålrabi og bacon som tilbehør til dei velsmakande komlene med kjøtdott. Gjestene får fornya seg sjølv både ein og to gonger. Det er vatn på borda, og i tillegg kan ein få kjøpt anna drikke som t.d. mjølk enten av det sure eller søte slaget.

Lervåg opnar dørene for gjestene kl.14.00, og han lovar å halda ope så lenge som det er mat, men ikkje lenger enn til kl.17.00. Vil nok tru at det er mange som tar ein tur på Oska for ein god komlemiddag denne torsdagen også.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.